



DOVRE KOMMUNE

Leseplan Dovre 2013-2016

Leselede i barnehagen,



i barneskolen



og i ungdomsskolen



INNHALD

Innleiing.

Språkstimulering i barnehagen.

Mål og tiltak for 1. – 10. klasse.

Læringsstrategiar som skal brukast.

Kartlegging.

Rutine for handling når kartlegging viser dårleg resultat.

I skolens ressursperm ALU finn du dessutan

- innhald intensivkurs
- læringsløyfa.
- registrering av kartleggingsresultat i Visma
- m. m.

Innleiing

- Den viktigaste oppgåva for læraren er å vekke interesse og glede ved lesing – ”att tända et ljus i barns ögon” (Ingvar Lundberg). Trivselen, inspirasjonen, det positive sjølvbiletet må vere på plass for å sikre eit varig godt resultat av leseopplæringa (Thomas Carlsten).
- Hovudmåla for opplæringa er slått fast i gjeldande læreplan.
- Av hovudområda i læreplanen, legg vår lokale plan vekt på opplæringa i lesing.
- Alle elevar skal lære å lesa så snart dei er modne for det.
- Tilpassa opplæring er å møte barnet der det *er* og føre det vidare.
- Ikkje vente-og-sjå-haldning: Pedagogen skal tilpasse læringsaktivitetane så snart utfordringar blir oppdaga.
- Leseopplæringa i Dovre skal byggje på den forskningsbaserte kunnskapen og metodikken Bredtvet kompetansesenter har gitt oss gjennom kursrekkeja Auka læringsutbyte (ALU). Tema:
 - Å vite når ein tekst er for vanskeleg å lesa.
 - Å ha kontroll over eiga lesing.
 - Å få hjelp når lesing er for vanskeleg.
 - Å forstå språk og lære nye ord i faga.
 - Å vere medveten og motivert for læring.
 - Å tenkje gjennom eigne forkunnskapar.
 - Å utdjupe eige forståing (skape meining).
 - Å organisere kunnskap ved lesing, skrivning, problemløysing (studieteknikk).
- Alle lærarar i Dovre kommune er leselærarar og skal basere undervisninga si på ALU-metodikken i leseplanen.
- Det gode samarbeidet med foreldra er grunnleggjande viktig for eit godt resultat av lese- og skriveopplæringa.

Språkstimulering i barnehagen

Formålsparagrafen gir barnehagen i oppgave å gje barnet grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter som basis for allsidig utvikling. Språket er ei slik grunnleggjande ferdigheit.

Tiltak

Språk og kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none">✚ å øve på å få eit godt munnleg språk✚ å kunne gjere seg forstått med ord✚ å kunne fortelje om ei oppleving✚ å høyre på høgtlesing og kunne gjenfortelje det ein las✚ å leike med ord: rim og regler, orddeling, rytme.✚ å kunne omgrep som først/sist, oppe/nede, over/under, bak/ framme, mellom✚ å ha kjennskap til bokstavar og tal✚ å forstå samanhengen mellom munnleg/skriftleg språk✚ å øve på å halde blyanten rett✚ å øve på rett skrive- og leseretning✚ å øve på teikning og klipping✚ å øve på å skrive namnet sitt
-------------------------------	--

Reiskap

<ul style="list-style-type: none">✚ Systematisk bruk av språkstimuleringsprogrammet "Språksprell".✚ Vekt på høgtlesing.✚ Vekt på trening av omgrep (Grunnlaget, Magne Nyborg)✚ Trene fin- og grovmotorikk✚ Kartlegge barnet sine språkferdigheiter ved hjelp av materiellet "Tidlig registrering av språkutvikling" (TRAS).

Mål og tiltak for 1. klasse

Utforske tale og skriftspråk.

Barn med god språkkompetanse ved skolestart, har betre føresetnader både når dei skal uttrykkje seg muntleg og når dei skal lære å lese og skrive. Skolen skal utlikne og kompensere for barns ulike språklege føresetnader og bakgrunn. Elevane må få moglegheit til å oppdage at tale og skrift har ei forside og ei innhaldsside. Formsida kan delast opp i setningar, ord, bokstavar og lydar, medan innhaldssida kan delast opp i ulike typer bodskap. I løpet av året skal elevane i 1. klasse møte tale og skriftspråk i så stor grad som mogleg. Det betyr at samtalar, begrepsforklaringar, forteljingar, fellesopplevingar, høgtlesing og tekstskaiping må ha høg prioritet.

Hovudmål:

- **Utvikle språkleg bevisstheit.**
- **Lære strategiar og teknikkar for å utvikle leseforståing.**
- **Utforske skriftspråket.**
- **Utvikle læringsstrategiar.**

1. klasse

Hovudmål: Utvikle språkleg bevisstheit

Delmål:

Analyse

- kunne lytte ut lydar - først, inni og sist i ord
- kunne artikulere språklydane i alfabetet
- forstå samanhengen mellom språklyd og bokstav
- kjenne leseretningen på norsk
- vite kva ein setning, eit ord og ei staving er.

Morfemar

- minste eining med meining i ord
- samansette ord.

Bokstavkunnskap

- form, symbol, lyd (store og små bokstavar)
- lære å skrive/lese dei store
- bli kjend med dei små
- trekkje saman lydar til ord.

Lage enkle rim og regler

Arbeidsmåtar:

- Følgje progresjonen i Huset.doc.
- Bruke språkleikar dagleg (Jørgen Frost).
- Trene rim og regler.
- Utforske språket. Stasjonsarbeid der det blir lese, skrive, prata og leikt med ord.
- La elevane møte store og små bokstavar og skrift i klasserommet: Namnelappar, plakatar, skilt, beskjedtavle, o.s.b.
- Mykje skriving/leikeskriving og (etter kvart) bokstavar.
- Dagleg høgtlesing og samtalar om innhald.
- Høgtlesing som blir overvaka av ein vaksen
 - frivillig høgtlesing i klasse/gruppe
 - korlesing ut frå nivå
 - repetert lesing.
- Nytte naturlege situasjonar til språk- og erfaringsbasert begrepsstimulering (begrepskart).
- Bruke peikefinger ved lesing.

<input type="checkbox"/> kunne finne ord som rimer og kunne rime på eiga hand <input type="checkbox"/> kunne klappe rytme i rim og regler.	
Hovudmål: Lære strategiar og teknikkar for å utvikle leseforståing	
Delmål: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Vurdere hensikt og mål med lesinga - lære å lesa. <input type="checkbox"/> Lære om tekststrukturelle verkemidlar - illustrasjonar og bilete. <input type="checkbox"/> Lære om språklege verkemidlar - enkle bilete, snakkebobler - sjanger - kjenne til eventyr, rim, regler, fakta, gåter og vitsar. <input type="checkbox"/> Førebu tekstforståing - utvide ordforråd og begrepsforståing - ikkje-kontinuerlege tekstar – lese og tolke enkle diagram - muntleg tekstskaping. <input type="checkbox"/> Oppsummere tekst - muntleg attforteljing, t.d. "forteljarstol" - tankekart. <input type="checkbox"/> Kunne bruke eit situasjonsuavhengig språk 	Arbeidsmåtar: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Rettleia lesing. <input type="checkbox"/> Aktivere forkunnskapar. <input type="checkbox"/> Trene muntleg framstilling av kjende tema i eit situasjonsuavhengig språk. <input type="checkbox"/> Nyttaturlege situasjonar til språk- og erfaringsbasert, dagleg stimulering av begrep (begrepskart). <input type="checkbox"/> Bruke peikefinger ved lesing.. <input type="checkbox"/> Kategorisere ord og begrep.
Hovudmål: Utforske skriftspråket	
Delmål: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Skrive seg til lesing. 	Arbeidsmåtar: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Leikeskriving. <input type="checkbox"/> Bokstavprogram. <input type="checkbox"/> Skrive tekstar i lag. <input type="checkbox"/> Skrive eigne ord og tekstar. <input type="checkbox"/> Skrive på PC.
Hovudmål: Utvikle læringsstrategiar	
Delmål: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Lære tankekart. <input type="checkbox"/> Lære begrepskart. <input type="checkbox"/> Aktivere forkunnskapar. <input type="checkbox"/> Attforteljing. 	Arbeidsmåtar: <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Modellere tankekart og begrepskart. <input type="checkbox"/> Læresamtale.

Mål og tiltak for 2. klasse

Tale- og skriftspråk blir utvida med å skrive og lese enkle tekstar.

På starten av 2. skoleår vil nokre av elevane kunne lese, nokre kunne skrive slik at andre forstår innhaldet og nokre få vil framleis vera fonologisk usikre. Dette må bety individuelle tilpassingar med målretta arbeid i den næraste utviklingssona til elevane. Denne tilpassinga er avgjerande for at den enkelte skal oppleve meistring, utvikle sjølvtilitt og få motivasjon. Samspel og kommunikasjon må gjennomsyre skoledagen slik at alle naturlege situasjonar blir brukt til samtale, begrepsforklaring, skrivning og lesing på eleven sitt nivå. I andre klasse må lesing og skrivning i større grad enn tidlegare bli ein naturleg del av alle timar uansett fag.

Hovudmål for 2. klasse:

- **Utvikle språkleg bevisstheit og lesetekniske ferdigheiter.**
- **Vidareutvikle strategiar og teknikkar for å auke leseforståing.**
- **Utvikle skriftspråket.**
- **Utvikle læringsstrategiar.**

2. klasse

Hovudmål: Utvikle språkleg bevisstheit og lesetekniske ferdigheiter

Delmål:

Språkleg bevisstheit:

- Bokstavkunnskap:
Kunne kople bokstav til lyd og omvendt, kunne bokstav-kombinasjon-lyd (eks. -ng), vite kva ein vokal er og kva ein konsonant er, kunne diftongane, kunne stavingar og stavingsdeling, kunne morfemer.
- Ordbilete: Lære nokre ikkje lydrette høgfrekvente ord (eks. eg, det, og).
- Tekstforståing: Vite kva tekst, setning og ord er.
- Kunne lese enkle ord og setningar ved å stove seg gjennom dei.

Leseerfaring:

- Kunne lese tilpassa tekstar.

Arbeidsmåtar:

- Nødvendig repetisjon frå 1. trinn.
- Bruke lesetestar for å finne meistringsnivået og utfordringane til den enkelte.
- Jobbe med språkleg bevisstheit: Læraren brukar systematisk ulike strategiar for avkoding og staving, eks lydstaving, stavingsdeling, ordfamiliar, siluettar osv.
- Ha tilgjengelig eit utval av (lese)bøker med ulik vanskegrad. Knyttneveprøven.
- Sette av fast tid til høgtlesing, helst dagleg.
- Dagleg leselekse (lese høgt for føresette). Nivåtilpassa.
- Utvikling av begrep (begrepskart).
- Arbeide med innhaldsforståing, førforståing og hypoteser (VØL-skjema på tavle).

Hovudmål: Vidareutvikle strategiar og teknikkar for å auke leseforståing

Delmål:

Forbetre tekstforståing:

- Ta i bruk elevane sine forkunnskapar.
- Arbeide med begrep/ord i teksten.
- Lære om tekststrukturelle verkemiddel, t.d. illustrasjonar, bilete, overskrift (BISON)
- Lære språklege verkemiddel
 - enkle biletuttrykk og snakkeboblar
 - sjanger: kjenne til eventyr, rim, regler, gåter, vitsar, fakta, lister, plakatar.

Bearbeiding av tekst:

- Kunne attfortelje ein tekst (munnleg, teikning m.m.)
- Kunne stille enkle spørsmål til ein tekst.
- Finne svar på spørsmål i tekst (finne, tolke, reflektere).
- Lage spørsmål til ein tekst og svare på spørsmål.
- Kunne forstå/tolke det som blir lese.
- Kunne bruke eit situasjonsuavhengig språk (eks. telefonsamtale, ser ikkje kvarandre, kan ikkje peike).

Arbeidsmåtar:

- Nødvendig repetisjon frå 1. trinn.
- Bruke lesetestar for å finne meistringsnivå og utfordringar til den enkelte.
- Arbeide med språkleg bevisstheit: Læraren brukar systematisk ulike strategiar for avkoding og staving, t.d. lydstavning, stavingsdeling, ordfamiliar, siluettar o.s.b.
- Ha tilgjengeleg eit utval av (lese)bøker med ulik vanskegrad. Knyttneveprøven.
- Sette av fast tid til høgtlesing, helst dagleg.
- Dagleg leselekse (lese høgt for føresette). Nivåtilpassa.
- Drive erfaringsbasert utvikling av begrep (Begrepskart)
- Bruke eigenproduserte tekstar, felles og individuelt, som logg, referat o.s.b.
- Stasjonsarbeid (rettleia lesing o.a.)
- Bruke mykje samtalar om språk og innhald.
- Arbeide med innhaldsforståing, førforståing og hypoteser (VØL-skjema på tavle).

Hovudmål: Utforske skriftspråket

Delmål:

- Kunne skrive enkle lydrette ord.
- Kunne skrive korte setningar.
- Utvikle skriveglede: Kunne skrive små forteljingar.
- Kunne variere oppbygginga av ein setning på minst to måtar.
- Kunne lage spørsmål til setningar.

Arbeidsmåtar:

- Forfattarbøker.
- Bruke skrivning knytt til funksjon, t.d. lister, beskjedar o.s.b.
- Skrive seg til lesing (jf. Arne Trageton).
- Ulike øvingsoppgåver.

Hovudmål: Utvikle læringsstrategiar

Delmål:

- Vidareutvikle tidlegare innførte læringsstrategiar: Aktivisere forkunnskapar, begrepskart, tankekart, attforteljing, samandrag.
- Innføre VØL-skjema.

Arbeidsmåtar:

- Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag.

Mål og tiltak for 3.- 4. klasse

Lese og skrive for å lære og oppleve.

Elevane skal nå vera ferdige med den grunnleggjande opplæringa og klare for å nytte desse kunnskapane i eige tempo. Det er svært viktig at dei elevane som heng etter med grunnopplæringa, blir fanga opp og får ekstra støtte og hjelp. Krava til leseferdigheit vil auke, og dette er kanskje den siste moglegheita til å fange opp problem medan god motivasjon framleis er til stades. Kravet til leseforståing vil og auke, og arbeid med strategiar for auka leseforståing må difor intensiverast. Ulikheitene i nivå i klassen blir tydelegare, og det blir nødvendig med sterk vekt på tilpassa opplæring.

Hovudmål for 3. og 4. klasse:

- **Utvikle flytande og automatisert lesing.**
- **Meir leseerfaring: Kunne lese for å skaffe seg opplevingar, kunnskap og informasjon.**
- **Vidareutvikle skrift og skriftspråk.**
- **Utvikle bruk av ulike læringsstrategiar.**

3. og 4. klasse

Hovudmål: Utvikle flytande og automatisert lesing

Delmål:

- Kunne bruke gode strategiar for lesing av vanskelege ord.
- Automatisere høgfrequente ord.
- Kunne lesa tilpassa tekstar flytande.
- Kunne auke lesehastigheita utan at det går ut over sikkerheit og forståing.
- Kunne lese på ulike måtar: Høgt, kor- og stillelesing.
- Lese med innleving (intonasjon, ulike sjangrar ...).

Arbeidsmåtar:

- Nødvendig repetisjon frå 1. og 2. klasse.
- Bruke lesetestar for å finne den enkeltes meistringsnivå og ev. problem.
- Arbeide med språkleg merksemd: stavingar, bokstav-lyd / bokstavkombinasjon-lyd (vokalar, konsonantar, diftongar) morfemer (minste eining med meining i ord), samansette ord, endingar.
- Utvikle begrepsforståing (ord og setningskunnskap, begrepskart m.m.).
- Knyttneveregelen: Lesestoff tilpassa lesenivået til barnet (90-95 % meistring).
- Dagleg leselekse/høgtlesing heime.
- Bruke ulike lesemåtar som felleslesing, stillelesing og høgtlesing
- Ulike leseprosjekt (lesekvart, leselyst, bokveke m.m.).
- Lesekurs for elevar som strevar.

Hovudmål: Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskap og informasjon

Delmål:

- Lese for å lære.
- Kunne attfortelje ein tekst.
- Kunne stille enkle spørsmål til ein tekst.
- Finne svar på spørsmål i tekst (finne, tolke, reflektere).
- Kunne vurdere hensikt og mål for lesinga.
- Kunne lese ulike tekstar på ulike måtar (oppleve, lære eller gjera noko).
- Kjenne til tekststrukturelle verkemidlar som innhaldsoversikt, overskrift og bilete.
- Kjenne til nokre språklege verkemidlar:
 - Gjentaking, enkle språklege bilete i skjønn- og faglitteratur.
 - Sjanger som eventyr, rim, dikt, gåter, vitsar, fakta, lister, brev, avis, enkle intervju og forteljing.
 - Ikkje-kontinuerlege tekstar - kunne lese og tolke enkle tabellar, diagram, statistikkar og bruksanvisningar.

Arbeidsmåtar:

- Læresamtalen: Fellesundervisning, modellering, dialog (lærer/elev, elev/elev).
- Arbeid med førforståing, hypotesar og oppsummering (VØL-skjema).
- Dagleg høgtlesing i klassen av gjennomgått kjent tekst.
- Korlesing, parlesing, repetert lesing.
- Lesekampanjar/leseveke/lesekvart/bokorm og andre lesefremjande tiltak på skolen.
- Lese fagtekstar med rettleiing.
- Systematisk bruk av skolebibliotek og oppmuntring til bruk av folkebibliotek.
- Forfattarbesøk.
- Tiltak for dei elevane som skårar nær eller under kritisk grense, eksempelvis lesekurs og leseverkstad.

Hovudmål: Vidareutvikle skrift og skriftspråk

Delmål:

- Kunne variere språket. Utvikle betre ordforråd og setningskonstruksjon.
- Kunne skrive ein tekst med struktur (med start, handling og avslutning).
- Oppsummere lesetekst.
- Kunne rettskrivingsreglar og bruke dei i eigne tekstar.
- Kunne skrive samanhengande skrift.

Arbeidsmåtar:

- Skrive eigne bøker, fellesbøker, tekstar.
- Lage enkle bokmeldingar/leselogg.
- Laga faktahefter.
- Systematisk arbeid med ord og ordforståing.
- Bruk av PC som skrivereiskap og eigna PC-program til øving.

Hovudmål: Utvikle bruk av læringsstrategiar

Delmål:

- Vidareutvikle tidlegare innførte læringsstrategiar: Aktivisere forkunnskapar, begrepskart, tankekart, attforteljing, samandrag og VØL-skjema.
- Kunne finne nøkkelord i ein tekst.

Arbeidsmåtar:

- Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag.

Mål og tiltak for 5.- 7. klasse

”Den andre leseopplæringa” handlar om å vidareutvikle lesekompetansen og å lese for ulike føremål. Mellomsteget fokuserer meir på lesing av fagtekstar og læringsstrategiar.

Hovudmål for 5. - 7. klasse:

- *Meistre flytande og automatisert lesing.*
- *Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskapar og informasjon.*
- *Bruke varierte lesestrategiar på ulike tekstar og til ulike føremål.*
- *Bruke varierte læringsstrategiar som støtte før, under og etter lesing.*

5. - 7. klasse

Hovudmål: Meistre flytande og automatisert lesing

Delmål:

- Meistre høgtlesing.
- Bli bevisst si eiga lesing.
- Kunne velje passande lesestoff/bok ut frå eigne leseferdigheiter.

Arbeidsmåtar:

- Lesestimulerande tiltak, lesetimar, leseprosjekt, bokprat, gå på biblioteket.
- Mengdelesing. Ha tilgjengeleg eit variert utval av bøker, også lydbøker.
- Bruke tekstar som er tilpassa eleven sitt nivå (knyttneveprøven).
- Halde fram med å arbeide med språklege detaljar; morfemer, stavingar, samansette ord og bøyingar.
- Høgtlesing. Korlesing/medlesing.
- Bruk av kartlegging/testar for å finne meistringsnivået til den enkelte og eventuelle utfordringar.
- Tilby eigne lesekurs til dei som treng det.

Hovudmål: Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskapar og informasjon

Delmål:

- Finne fakta frå ulike kjelder.
- Vidareutvikle forståing av ord og begrep.
- Tolke og forstå tekstar med matematisk innhald.
- Tolke former, teikn og symbol i alle fag.

Arbeidsmåtar:

- Læresamtalen, fellesundervisning, modellering, dialog (lærar/elev, elev/elev).
- Lære å bruke bibliotek og internett.
- Fokuserer på ord og begrep, synonymar, kategorisering, bruk av begrepskart.

<ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Tolke og forstå innhald i visuell kommunikasjon. <input type="checkbox"/> Kunne aktivere eigne kunnskapar og erfaringar om emnet. <input type="checkbox"/> Kunne forstå både det eksplisitte innhaldet og det som ligg bak og mellom linene. <input type="checkbox"/> Uttrykkje forståing og leseoppleving. 	<ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Lese og lage tabellar og diagram. <input type="checkbox"/> Aktivere elevane sine forkunnskapar (VØL, tankekart, samtale). <input type="checkbox"/> Skrive leselogg, bokomtale, presentere bøker for kvarandre. <input type="checkbox"/> Bruke FoSS (Forholdet Spørsmål-Svar). Tekstspørsmål og tankespørsmål.
---	---

Hovudmål: Bruke varierte lesestrategiar på ulike tekstar og til ulike føremål

<p>Delmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Ta i bruk hensiktsmessige lesestrategiar til ulike typer tekstar. <input type="checkbox"/> Kunne skimlese/oversiktslese, nærlese/detaljlese/leitelese. <input type="checkbox"/> Bli klar over korleis ein kan lese på ulike måtar til ulike føremål. <input type="checkbox"/> Kjenne att ulike sjangrar. <input type="checkbox"/> Bli merksam på strukturelle verkemidlar i ein tekst. <input type="checkbox"/> Forstå korleis ein tekst er bygd opp. 	<p>Arbeidsmåtar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Øve seg på å bruke ulike leseteknikkar og vurdere kva lesemåtar som passar til kva for tekstar. <input type="checkbox"/> Lese ulike sjangerar som t.d. bruksanvisning, oppskrifter, tabellar, samansette tekstar, fagtekstar, intervju, reportasjar, biografiar, forteljing m. m. <input type="checkbox"/> Studere tekstar og sjå korleis dei er bygde opp. <input type="checkbox"/> Lære om tekststrukturelle verkemidlar: Innhaldsoversikt, bildetekstar, tekstboksar, fotnoter og tabellar. <input type="checkbox"/> Øve opp evnen til kritisk lesing. <input type="checkbox"/> Øve på å bruke oppslagsverk, leksikon, ordbøker og internett.
---	--

Hovudmål: Bruke varierte læringsstrategiar som støtte før, under og etter lesing

<p>Delmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Kjenne til og kunne bruke ulike læringsstrategiar i arbeidet med ein tekst. <input type="checkbox"/> Vite kva strategiar det er mest hensiktsmessig å bruke før, under og etter lesing. <input type="checkbox"/> Finne ut kva læringsstrategiar som passar best for din måte å lære på. 	<p>Arbeidsmåtar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag. <input type="checkbox"/> Gjera eigne erfaringar med ulike strategiar som tankekart, nøkkelord, samandrag, læresamtale, venndiagram/samskjema, kolonnenotat (t. d. VØL), BISON-overblikk, FoSS (Forholdet Spørsmål-Svar). <input type="checkbox"/> Hjelpje kvar enkelt elev til å finne ut kva strategiar det er lurt å bruke før, under og etter lesing.
--	--

8. - 10. klasse

Hovudmål: Meistre flytande og automatisert lesing

Delmål:

- Opplive leseglede.
- Meistre
 - skumlesing
 - punktlesing
 - nærlesing
 - hyggelesing
 - høgtlesing
 - ortografisk lesing.
- Bli bevisst eiga lesing.
- Kunne velje passande lesestoff/bok ut frå eige leseferdighet.
- "Boka mi" – eleven skal alltid ha ei bok under lesing (skal ligge på skolen).
- Aksjon txt.

Arbeidsmåtar:

- Lesestimulerande tiltak, lesetimar, leseprosjekt, bokprat, besøk på biblioteket.
- Mengdelesing. Ha tilgang til eit variert utval av bøker, også lydbøker.
- Bruke tekstar tilpassa eleven sitt nivå (knyttneveprøva) Lære å stoppe opp!
- Fortsetja arbeidet med språklege detaljar, morfem, stavingar, samansette ord og bøyingar.
- Høgtlesing. Læraren les for elevane. Elevane les førebudd tekst høgt og les høgt heime.
- Bruk av kartlegging/testar for å finne den enkelte sitt meistringsnivå og eventuelle problem.
- Tilbod om lesekurs for dei som treng det.

Hovudmål: Kunne lese for å tileigne seg opplevingar, kunnskapar og informasjon

Delmål:

- Finne fakta frå ulike kjelder.
- Vidareutvikle ord- og begrepsforståing.
- Tolke og forstå tekstar med matematisk innhald.
- Tolke formlar, teikn og symbol i alle fag.

Arbeidsmåtar:

- Læresamtala (læringsløyfa), fellesundervisning, modellering, dialog (elev/lærer, elev/elev).
- Lære å ta notat til prøve.
- Fokusere på ord og begrep, synonym, kategorisering (begrepskart, tankekart).

<ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Tolke og forstå innhald i visuell kommunikasjon. <input type="checkbox"/> Kunne aktivere eigen kunnskap og erfaring i høve til emne. <input type="checkbox"/> Kunne forstå både det eksplisitte innhaldet og det som ligg bak og mellom linene. <input type="checkbox"/> Uttrykke forståing og leseoppleving. 	<ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Lese og lage tabellar og diagram. <input type="checkbox"/> Aktivere elevane sin forkunnskap (VØL, tankekart, samtale). <input type="checkbox"/> Skrive leselogg, bokomtale, presentere bøker for kvarandre. <input type="checkbox"/> Bruke bibliotekbloggen ("Sesam"-blogg). Bruke bibliotek og internett. Kjeldekritikk – målretta søk, korrekt oppsett.
---	---

Hovudmål: Bruke varierte lesestrategiar på ulike tekstar og til ulike føremål

<p>Delmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Ta i bruk hensiktsmessige lesestrategiar for ulike typar av tekst. <input type="checkbox"/> Kunne skumlese/oversiktslese, nærlese/detaljlese, leitelese. <input type="checkbox"/> Bli klar over korleis ein kan lese på ulike måtar for ulike formål. <input type="checkbox"/> Kjenne att ulike sjangrar. Bli bevisst strukturelle verkemiddel i ein tekst. <input type="checkbox"/> Forstå at god sjangerforståing er viktig for å bli ein kompetent lesar. <input type="checkbox"/> Forstå korleis ein tekst er bygd opp. 	<p>Arbeidsmåtar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Læresamtala, lesefokus (læringsløyfa), å snakke seg til innsikt saman med andre. <input type="checkbox"/> Øve seg på å bruke ulike leseteknikkar og vurdere kva for lesemåtar som passar til ulike tekstar. <input type="checkbox"/> Lese ulike sjangrar som rettleiingar, oppskrifter, tabellar, samansette tekstar, fagtekstar, intervju, reportasjar, biografi, forteljing, med meir. <input type="checkbox"/> Studere tekstar og sjå korleis dei er bygde opp. Lære om tekststrukturelle verkemiddel (innhaldsoversikt, billettekstar, tekstboksar, fotnotar, tabellar, kart og diagram). <input type="checkbox"/> Øve opp evna til kritisk lesing. Øve på å bruke oppslagsverk, leksikon, ordbøker og internett (digitale verkty).
---	--

Hovudmål: Bruke varierte læringsstrategiar som støtte før, under og etter lesing

Delmål:

- Kjenne til og bruke ulike læringsstrategiar i arbeidet med ein tekst.
- Vite kva for strategiar som er mest hensiktsmessing å bruke før, under og etter lesinga.
- Finne ut kva for ein læringsstrategi som passar best for eleven sin måte å lære på.

Arbeidsmåtar:

- Bruke læringsløyfa.
- Aktiv modellering og bruk av læringsstrategiar i alle fag.
- Gjere egne erfaringar med ulike strategiar (tankekart, nøkkelord, samandrag, læresamtale, venndiagram, kolonnenotat, VØL-skjema).
- Hjelpje kvar enkelt elev med å finne ut kva strategiar det er lurt å bruke før, under og etter lesing.

Læringsstrategiar som skal brukast

	Læringsstrategiar	1. klasse	2. klasse	3. klasse	4. klasse	5. klasse	6. klasse	7. klasse
1.	Aktivere forkunnskap							
2.	Begrepskart							
3.	Tankekart							
4.	Attforteljing / samandrag							
5.	VØL							
6.	Rammenotat							
7.	Nøkkelord							
8.	BISON-overblikk							
9.	Lage spørsmål til tekst (FoSS)							

Dette kan også brukast:

	Læringsstrategiar	1. klasse	2. klasse	3. klasse	4. klasse	5. klasse	6. klasse	7. klasse
7.	Kolonnenotat							
10.	Venndiagram/samskjema							
11.	Læresamtale							

Det er lurt å henge opp planen på arbeidsplassen til lærarane !

Kartlegging

KARTLEGGINGSPLAN FOR SKOLANE I DOVRE	NIVÅ 1, ALLE ELEVANE									
	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
Screening	Red									
Udir: Kartlegging av lesedugleik	Green	Green	Green							
Ordkjedetest				Red	Blue	Blue	Blue	Red	Red	Blue
Carlsten				Red	Blue	Red	Green	Red	Blue	Blue
Mini SL 1 setningslesing		Blue								
Mini SL 2 setningslesing			Blue							
OL 64 ordlesing		Blue								
OL 120 ordlesing			Blue							
SL 60 setningslesing				Blue						
SL 40 setningslesing					Blue					
S 40								Red	Blue	Blue
Orddiktat (STAS) vanl. og nonord								Yellow		
Nasjonale prøver i lesing					Red			Red	Red	

Haust	Vår	Heile året	Skolen vurderer
-------	-----	------------	-----------------

KARTLEGGINGSPLAN FOR SKOLANE I DOVRE	NIVÅ 2, ENKELTE ELEVAR									
	Basis									
	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
IL-BASIS	Yellow	Yellow								
Arbeidsprøva, dynamisk kartl.			Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow
STAS, utvalde prøver		Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow
	Moglege tilleggsprøver etter behov									
Språk 5-6	Yellow	Yellow								
Kartleggeren					Yellow	Yellow	Yellow			
Ordkjedetest				Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow
Kåre Johnsen		Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow
Språk 6-16	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow

Haust	Vår	Heile året	Skolen vurderer
-------	-----	------------	-----------------

KARTLEGGINGSPLAN FOR SKOLANE I DOVRE	NIVÅ 3, ENKELTE ELEVAR, PPT KARTLEGG
--------------------------------------	--------------------------------------

Rutine for handling når kartlegging viser dårleg resultat

SKOLANE - ARBEID OG OPPFØLGING
jf Vigdis Refsahl/PPT NG

<p>1. SKOLEN</p> <p>Gjeld alle elevane</p>	<p>Screeningstestar Knyttneveprøven Elevsamtalar</p>	<p>Tekstar Nivå og flyt Leseopplæring</p>	<p>Forebygge Etablere og vidareutvikle Automatisere (øve) og integrere</p>
<p>2. SKOLEN</p> <p>Gjeld utvalde elevane</p>	<p>Gjeld elevane som skårar under kritisk grense.</p> <p>Individuell kartlegging Kvalitativ kartlegging Føresetnader (prøver)</p> <p>Dei juridiske rettane er knytt til det skolen gjer for eleven.</p>	<p>Eks Arbeidsprøven (snart på nynorsk) Rammer Kompetanse, person på kvart klassesteg</p>	<p>Styrkingstimar Intensivt lesekurs , 90 min økter, min. 3 ggr/veke, 8 - 10 veker. Tilpassingar i klassen</p>
<p>3. PPT</p> <p>Gjeld nokre få elevane</p>	<p>Melding til PPT først når tiltak er prøvd ut på skolen.</p>		<p>PPT-prioriteringar pr. 05.11.10: - Barnesteg - Bruke utedagane til systemarbeid - Vil gjerne ha henvendingar - Langsiktig tenkning - vil gjerne samarbeide med enkelte skolar som kan bli "modellar".</p>